

Formannskapet og Kommuneplanutvalet har behandla sak 32/2022 i møte den 29.09.2022

Behandling

Camilla Larsen Hoftun (AP) ba formannskapet vurdere hennar habilitet ved handsaming av innspelet frå Nystølsfjellet då ho er gift med ein av grunneigarane som har levert innspel. Formannskapet vedtok samrøystes at Camilla var inhabil. Camilla trådte ifrå og deltok ikkje under handsaminga av dette innspelet. Ingen møtte som vara for Camilla.

Heidi Granli (AP) ba formannskapet vurdere hennar habilitet ved handsaming av innspel 5.11 Lauvsjø då innspelet kjem frå hennar onkel. Formannskapet vedtok samrøystes av Heidi var inhabil. Heidi trådte ifrå og deltok ikkje under handsaming av dette innspelet. Ingen møtte som vara for Heidi.

Votering: framlegg om å løfte attende innspel:

5.5 Auenhauglie - Framlegg frå Tom Rune Skr. Blakkestad (H). 1 (H) mot 6 røyster. Ikkje vedteke.

3.2 Åsgardane massetak - Omforeint framlegg frå SP og H. 3 (SP+H) mot 4 røyster. Ikkje vedteke.

2.1 Halli - Omforeint framlegg frå H og SP. Samrøystes vedteke.

4.15 Oset - Framlegg frå Tom Rune Skr. Blakkestad (H). 2 (Leif Norhaug AP og Tom Rune Skr. Blakkestad H) mot 5 røyster. Ikkje vedteke.

Nystølsfjellet - Framlegg frå Tom Rune Skr. Blakkestad (H) om å ta inn heile innspelet. Omforeint framlegg frå SP og AP om å ta inn redusert område.

Omforeint framlegg fra SP og AP vedteke.

5.11 Lauvsjø - Framlegg frå Tom Rune Skr. Blakkestad (H). 4 (H og SP med varaordføraren si dobbeltrøyst) mot 3 røyster. Vedteke.

Storefjell - Omforeint framlegg. Samrøystes vedteke.

Det vart til slutt votert over kommunedirektøren si innstilling inkludert dei punktvisе voteringane. Samrøystes vedteke.

Vedtak

I

Følgande innspel blir lagt inn i kommuneplanen på vilkår av at konsekvensutgreiing er ok:

- Samanhengande skiheissystem på Golsfjellet
- Storefjell, 24/65
- 2.1 Halli, redusert innspel
- 5.11 Lauvsjø, redusert innspel
- Nystølsfjellet, Gnr 4/136, redusert innspel

Kommuneplanutvalet tolkar innspelet "Nystølsfjellet" som ei presisering av tidlegare innspel. Innspelet blir redusert med å ta ut dei to områda sør-vest i kartbeskrivelsen.

II

Følgende innspel blir teke ut av kommuneplanen og tilbakeført til LNF-område:

- 5.15 GolfAlpin

III

Resterande innspel blir avslått.

